

Kommunestyret si behandling i møte den 23.05.2024:

BEHANDLING:

Deloitte v/ Erlend Risvand Mo orienterte om rapporten før behandling av saka.

Oddbjørn Kroka (H) sette fram eit oversendingsforslag utan realitetshandsaming:

Kommunestyre ber administrasjonen i samarbeid med forvaltningsutvalget på neste møte om å sette rammer for eit drøftingsnotat som går gjennom erfaring og forbedringspotensiale knytt til bubilsaka på Ænes. Referat sendes formannskapet som referert skriv.

Røysting over forslaget: 16 røysta for forslaget (Inp, Frp, H (-Flatland). og dette fall.

Kontrollutvalet si innstilling: samrøystes vedteken

VEDTAK:

- 1. Kommunestyret viser til tilrådingane i rapporten plan og byggesaksbehandling i Kvinnherad kommune***
- 2. På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon, plan og byggesaksbehandling i Kvinnherad kommune ber kommunestyret kommunedirektøren syte for å:***
- 3. Formaliserer og skriftleggjere roller, ansvar og oppgåver knytt til behandling av private plansaker.***
- 4. Etablerer rutinar for gjennomføring av risikovurderingar av saksbehandlingsprosessane for planog byggjesaksbehandling, samt gjennomfører risikovurderingar som grunnlag for utforming og justering av saksbehandlingsrutinar.***
- 5. Etablerer rutinar for, og sikrar at det blir gjennomført kvalitetssikring av saksbehandling i alle bygge og tilsynssaker.***
- 6. Utarbeide og iverksette ein tiltaksplan for å sikre gjennomføring av lovpålagte oppgåver innan gjeldande saksbehandlingsfristar.***
- 7. Etablere eit meir systematisk arbeid med kompetanseutvikling innan plan og bygg, for å sikre at kommunen til ei kvar tid har tilgang på naudsynt kompetanse til behandling av plan- og byggesaker***
- 8. Kommunestyret ber også om at kommunedirektøren lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Kvinnherad kommune innan 1. oktober 2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga***